



Fylkesmannen i Hordaland

Sakhandsamar, innvalstelefon
Anne Guri Aase, 5557 2123

Vår dato
07.07.2016
Dykkar dato
20.06.2016

Vår referanse
2016/8378 421.3
Dykkar referanse
16/1575

Lindås kommune
Kvernhusmyrane 20
5914 ISDALSTØ

Uttale - Lindås - Gnr 109 bnr 1 - Saltnes - Etablering av flytebrygge - Dispensasjon

Vi viser til brev av 20.06.2016, dykkar ref. 16/1575, med uttalefrist 19.07.2016. Saka gjeld søknad om dispensasjon frå kommuneplanen sin arealdel og plan- og bygningslova (tbl.) § 1-8 for etablering av flytebrygge på gnr. 109, bnr. 1 i Lindås kommune.

Eigedomen er på land sett av til LNF-føremål og i sjø er område sett av til bruk og vern av sjø og vassdrag. Flytebrygga vil vere betong og ha ein storleik på 2,4 x 12 meter.

Vurdering

Kommunen kan ikkje gje dispensasjon dersom omsyna bak føremålet området er avsett til i gjeldande arealplan, eller omsyna i føremålsparagrafen § 1-1, vert sett vesentleg til side, jf. tbl. § 19-2. I tillegg må fordelane med å gje dispensasjon vere klart større enn ulempene etter ei samla vurdering.

Hovudregelen er å følgje plan- og bygningslova inklusive gjeldande arealplanar, medan dispensasjon er eit unnatak frå dette, og skal ikkje vere kurant. Det er ei klar regional og nasjonal målsetting at det skal takast omsyn til strandsoneverdiane i plan- og dispensasjonssaker. I 100-metersbeltet langs sjø skal det takast særleg omsyn til natur- og kulturmiljø, friluftsliv og andre allmenne interesser, jf.tbl. § 1-8. Kommunane skal handheve ein streng dispensasjonspraksis i strandsona, jf. arealpolitisk retningsline nr. 11 i) i Fylkesplan for Hordaland 2005-2008.

Vi minner om den nasjonale innskjerpinga av strandsonevernet. Det er mellom anna eit overordna arealpolitisk mål at nedbygging av strandsona skal stansast og at strandsona skal takast vare på som natur- og friluftsområde tilgjengeleg for alle. Det er Fylkesmannen si vurdering av ei flytebrygge på 28 m² vil ha ein negativ effekt på landskapet og kan føre til ei ytterlegare privatisering av strandsona. Fylkesmannen kan ikkje sjå fordelane med ein dispensasjon, som er av privat karakter, er klart større enn ulempene, som er av samfunnsmessig karakter. Søknad om dispensasjon oppfyller dermed ikkje vilkåra for å gje dispensasjon ettertbl. § 19-2 andre ledd.

**Fylkesmannen rår i frå at det vert gjeve dispensasjon for utlegging av flytebrygge på
gnr. 109, bnr. 1.**

Vi viser til at kommunen ikkje bør gje dispensasjon dersom regional eller statleg mynde har uttala seg negativt til søknaden, jf. pl. § 19-2 fjerde ledd. Dersom det likevel vert gjeve dispensasjon, ber vi kommunen sende vedtaket til Fylkesmannen for klagevurdering.

Med helsing

Arve Meidell
seksjonsleiar

Anne Guri Aase
rådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.